

Høring: Skole- og tilbudsstruktur for videregående opplæring i Agder



AGDER
fylkeskommune

Innsendt: 24.09.2025 18:05

Referanse-ID: T4Z-FLH

Skjema-ID: AFK-160

Åpen høring

Informasjon

Innsender av høringen

Fornavn Nina Therese

Etternavn Skjellanger

Hvem svaret du for? ☐ Jeg svarer på vegne av virksomhet eller
☒ annen organisasjon med eget organisasjonsnummer

Organisasjonsnavn UTDANNINGSFORBUNDET VALLE

Organisasjonsnummer 994832662

Gatenavn og -nummer

Postnummer

Poststed

Region

Hvilke regioner gir du innspill til? ☒ Region: Indre Agder
☒ Prinsipper for skole- og tilbudsstruktur

Region: Indre Agder

Utdanningstilbud

Elevtallet er stabilt lavt og forholdsvis mange søker seg til utdanningstilbud utenfor regionen. Har du/dere forslag til hvordan vi opprettholder et godt tilbud i regionen?

Setesdal har fagtilbud som ikkje finst andre stader, mellom anna gull- og sylvsmedfaget i Valle. Slikt eit unikt og spesialisert fag bør prioriterast og profilerast som nasjonale og internasjonale utdanningstilbud.

Eit tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv er avgjerande. Hospitering, lærlingordningar og felles prosjekt med bedrifter gjer utdanninga relevant og praksisnær, og syner elevane at det er reelle framtidsmoglegheiter i regionen. Trygge og rimelege hybel- og internatordningar er viktig for å rekruttere elevar. I dei tre bygdene Hovden, Valle og Hornnes der ein finn avdelingane til Setesdal vidaregåande skule kan ein tilby eit rimeleg og godt bu- og læringsmiljø. Med tilsyn, vaktemeisterstenester og tett oppfølging legg ein til rette for at alle elevar, uansett bakgrunn kan ta utdanning i regionen.

Ei langsiktig løysing krev eit forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane og lokalt næringsliv. Vidaregåande utdanning er ikkje berre eit spørsmål om tal på elevar, men om samfunnsutvikling, busetting og kulturbygging.

Med slike tiltak meiner vi at indre Agder kan oppretthalde og styrkje skuletilbodet. Det handlar om å ta vare på både kompetanse, kultur og busetting i distrikta slik at ein kan sikre at unike fagmiljø ikkje går tapt.

Prinsipper for skole- og tilbudsstruktur

Skolestørrelse, fordeling og sammensetting

Har du/dere noen innspill til prinsippene i høringsdokumentet for: Skolestørrelse og fordeling

Me tykkjer at me er i ei særstilling til å få unntak frå prinsipp om minimum 300 elevar per skule. Dette er heilt uaktuelt for

av programområder og sammensetning av elevgrupper?

distriktsskular i indre Agder som til dømes Setesdal vidaregåande skule.

Fagmiljø

Har du/dere noen innspill til prinsippene i høringsdokumentet for: Fagmiljø for elever og ansatte?

Det er ein sterkare fagleg identitet i små fagmiljø der lærarane kjenner elevane betre og kan følgje dei opp på ein meir heilskapleg og tettare måte. Med fokus på Setesdal vidaregåande skule avd. Valle vil elevane oppleve sterkare tilhøyrse til gull- og sylvsmedfaget når heile skulen har fokus på dei same kjerneområda. For gull- og sylvsmedfaget finst kompetanse, nettverket og tradisjonen i Valle kommune. Ei eventuell flytting til større skular med breitt fagtilbod vil spreie ressursane, og fagtilbodet kan drukne blant andre programområde. Elevane vil få svekka moglegheiten til å spele på det lokale arbeidslivet. Det er her tradisjonen høyrer heime, og det er her det er naturleg for denne kulturarven å bli vidareført.

Lokalisering

Har du/dere noen innspill til prinsippene i høringsdokumentet for: Geografisk lokalisering?

Sjå punkt ovanfor.

Areal og skolebygg

Har du/dere noen innspill til prinsippene i høringsdokumentet for: Areal og skolebygg?

For å ta føre oss skulebygget for Setesdal vidaregåande skule avd. Valle er dette særst tilfredsstillande med god plass per elev. Her er det allereie utvikla og tilpassa gull- og sylvsmedfaget. Verkstaden, maskiner, utstyr og tryggleiksløysingar er på plass. Dette er kostbare investeringar.

Arbeidslivet

Har du/dere noen innspill til prinsippene i høringsdokumentet for: Samarbeid med arbeidslivet?

Generelt i indre Agder er ein heilt avhengig av at ungdom kan få samarbeide med lokale bedrifter. Elevane får konkrete jobbmoglegheiter og større sjanse for å slå seg ned i distriktet etter endt utdanning. Setesdal vidaregåande skule avd. Valle rekrutterar for heile landet. Den unike kompetansen for gull- og sylvsmedfaget ligg i lokalmiljøet, og vil ikkje kunne vidareførast dersom faget blir flytta.

Generell kommentar

Skole- og tilbudsstruktur

Har du noen generelle innspill til høringen som nå er ute for skole- og tilbudsstrukturen i Agder?

Gull og sylvsmedfaget er eit raudlista fag som står i fare for å døy ut. I 2019 kom stev, dans og spel frå Setesdal på UNESCO si liste over immateriell kulturarv. I 2024 kom bunadar frå heile Noreg på den same lista. Sylvsmedkunst ligg tett opp baa desse oppføringane på UNESCO si liste. Gull- og sylvsmedkunst er immateriell handverk som må overførast munnleg for å overleve. Dette skjer på best mogleg måte i Valle!

Det er her i Valle at ein finn gullsmedar og sylvsmedar i nærleiken. Ein har bedriftene Hasla AS, RysstadSylv/Sylvåra AS og Dale bunadssylv som skulen har eit tett samarbeid med. Dette gjev elevane på skulen ei oppleving i at det er mogleg å bli noko med gullsmed-, sylvsmed- og filigransfaget.

Ein endra skulestruktur vil dermed ikkje berre gå ut over skulen, elevane og lærarane ved gull- og sylvsmedlinja i Valle. Det vil også råke lokalsamfunnet i Valle i ein mykje større grad enn kva som har kome fram i rapporten frå fylkeskommunen

og Norconsult.

Det vil vere eit tap for heile landet om den einaste offentlege linja i gull- og sylvsmedfag vil bli flutt vekk frå staden der det verkeleg høyrer heime, i Valle i Setesdal.
